

Innkalling til møte i felles programstyre for lektorutdanninga Møte 5 2024

Tidspunkt: 29. oktober 2024, kl. 09.00 – 11.00

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll frå møtet 11. september

Protokollen er sendt ut.

III Saker til eventuelt

Drøftingssaker

Sak 49/23 Eksterne fagfellerapportar

Notat frå lektorsenteret

Vedtakssaker

Sak 50/23 Utgreiing av gruppepraksis i første langpraksis

Notat frå lektorsenteret

Sak 51/23 Kapasitetstak på sosiologi som fag 2

Notat frå lektorsenteret

Sak 52/23 Restriksjonar på fagkombinasjon mellom samfunnsfag og historie

Notat frå lektorsenteret

Sak 53/23 Politikk og forvaltning som fag 2

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssaker

Sak 54/23 Geografisk område for praksisutplassering i lektorutdanninga

Notat frå lektorsenteret

Sak 55/23 Endringar i forskrift om rammeplan for PPU

Notat frå lektorsenteret

Sak 56/23 Nytt frå praksisutvalet

Notat frå lektorsenteret

Vedtakssaker

Sak 57/23 Fleksibel dag under gjennomføring av kortpraksis i tredje semester for lektorstudentar i realfag

Notat frå lektorsenteret

Sak 58/23 Overlapp mellom temaseminar og KP-dagar

Notat frå lektorsenteret

Sak 59/23 Eventuelt

Sak 49/23 Eksterne fagfellerapportar

Notat frå lektorsenteret

Drøftingssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga


Møte: 20. januar 2023

ephorte: 24/30

Kvalitetssystemet for utdanning ved UiB

I følge [UiB sitt reviderte kvalitetssystem for utdanning](#) skal alle studieprogram og årsstudium evaluerast minimum kvart sjette år, og programevalueringa skal bl.a. omtale innspel frå eksterne fagfeller. Fakulteta skal lage planar for programevalueringar seks år fram i tid og programstyra skal lage plan for innhenting av bidrag frå eksterne fagfeller. Dette vil kunne skape ulike praksisar og ulik bruk av eksterne fagfeller for dei ulike lektorprogramma ved UiB.

Figuren under syner ei skjematisk skildring av sykliske prosessar for kvalitetskontroll i utdanning:



Som ein del av UiB sitt kvalitetssystem for utdanning har lektorutdanninga fire fagfellar ved høvesvis HF, MN, SV og PF. Etter UiB sitt kvalitetssystem, før revisjon, leverer programsensorane ein årleg rapport der dei gjer greie for arbeidet dei har utført.

I felles programstyre 22.03.23, sak 13/23 *Eksterne fagfellerapporter*, blei følgjande punkt ført i protokoll:

- Det er fakulteta som eig rapportane og det er forventa at dei handterer og følgjer opp rapportane internt, og at dei gir vurderingar som også felles programstyret blir orientert om.
- Ein rapport kan ta opp fleire forhold knytt til både struktur, undervisning og fagleg innhald. Programstyra bør difor sikre at rapportane blir lagt fram for dei relevante disiplinfaga slik at dei også kan følge opp og/eller gi innspel.

- Felles programstyre har ansvar for heilskapen i lektorutdanninga og vil sjå på eventuelle tverrfaglege og strukturelle forhold som kjem fram i rapportane.
- Fagfellerapportane blir lagt fram til drøfting i felles programstyre etter at dei lokale programstyra/lektorutdanningsutvala har behandla dei.

Tabellen under syner oversikt over dei eksterne fagfellene og kor lenge dei har kontrakt for:

Fakultet	Ekstern fagfelle	Kontrakt varigheit
HF	Jonas Bakken, Førsteamanuensis, UiO	31.12.26.
NT	Anders Sanne, Førstelektor, NTNU	31.12.25
PF	Katrine Nesje, Førsteamanuensis, UiO	31.12.26
SV	Brita Bungum, Førsteamanuensis, NTNU	2024

Fagfellerapportar 2023

1. Fagfellerapport frå Det humanistiske fakultet (HF)

Ekstern fagfelle for lektorprogramma ved HF er førsteamanuensis Jonas Bakken frå UiO. Tema for rapporten: *Motivasjonen til lektorstudenter ved valg av utdanningsprogram, og vidare ved valg av fag innanfor lektorutdanningen.* Problemstillingar det var bedt om å ta opp:

- *Hvilke tanker har/hadde studentene om yrkesmuligheter?*
- *Hva var avgjørende for deres fagvalg, har dette endret seg etter å ha gått en stund på utdanningen?*
- *Hva fikk dem til å velge en lektorutdanning og ikke en grunnskolelærerutdanning?*
- *Hvordan har motivasjonen endret seg i møte med utdanningen? Sto utdanningen til forventningene?*
- *Har omdømmet til studieprogrammet noe å si for motivasjonen og valget?*
- *Var mulighetene for et utenlandsopphold viktig når de skulle velge en utdanning?*
- *Hvordan opplever de ansatte studentenes motivasjon for studiet, er deres ferdigheter på riktig nivå?*
- *Hva vet de ansatte om studentenes forutsetninger fra vgs.? I hvilken grad er dette førende for måten de underviser på?*
- *Hva var eventuelt negativt for motivasjonen, noe de savnet når de skulle velge studiet?*
- *Hvordan fungerer veiledningen studentene får i forbindelse med fagvalg? I hvilken grad er jobbutsikter tatt i betraktning i veiledning om fagvalg?*

Rapporten er lagt ved i e-posten med møteinnkallinga.

Handsaming:

Rapporten blei drøfta i lektorutdanningsutvalet ved HF, 16.01.24:

Fagfellerapporten for 2023 ble gjennomgått i møtet. HF har siden rapporten kom gjennomført en kartlegging av hvilke fag og fagkombinasjoner UiBs praksisskoler har behov for samt kommunisert dette til studentene på et informasjonsmøte om fagvalg. Kartleggingen ble også presentert i møtet. Det ble også foreslått å gjennomføre en kandidatundersøkelse for å få informasjon om hvor mange av de ferdige lektorkandidatene som har fått jobb etter endt utdanning.

2. Fagfellerapport frå Fakultet for naturvitskap og teknologi (NT)

Ekstern fagfelle for lektorprogrammet ved MN er førsteamanuensis Anders Sanne frå NTNU. Tema for rapporten:

1. *Tilpasninger i disiplinfagennene til kortpraksis*
2. *Studentenes læringsutbytte fra kortpraksis*

MN-fakultetet ønsker forslag til gode løsninger for kortpraksis, både for logistikken knyttet til samtidig undervisning i disiplinfagene og for innholdet i kortpraksis. Hvordan kan studentene få et godt læringsutbytte av kortpraksis? Hvordan kan periodene med kortpraksis inngå i resten av studieprogrammet på en velfungerende måte? Hvilke produktive opplegg finnes hos andre institusjoner?

Rapporten er lagt ved i e-posten med møteinnkallinga.

Handsaming:

Rapporten blei drøfta i lektorutdanningsutvalet ved NT, 04.04.24, med følgende innspel:

- *Pr. nå ser kollisjonssituasjonen for praksis i ny modell slik ut: Langpraksis i 5. og 8. semester vil kunne legges helt kollisjonsfritt. Når det gjelder kortpraksis i 1. semester, har 5 faste dager i form av en uke og 5 fleksible dager, sentralt blitt gjort til 5 faste dager i form av en uke (uke 37) og tre semifleksible dager i uke 38-39. De 2 siste dagene skal være for- og etterarbeid som inngår i PED130. Fakultet ser det ikke som ønskelig å kreve at emner som går parallelt med kortpraksis har helt pause i undervisningen i uke 37, men oppfordret instituttene til å ha det og hvis ikke mulig, gi annen tilrettelegging. I timeplanleggingen for H24 ligger det an til at undervisningen reduseres ganske mye og obligatoriske aktiviteter legges utenom (2022/2716-19). I uke 38 og 39 ligger det an til at studentene vil kunne bruke mandager og torsdager til de tre praksisdagene og at det kun vil være 2 timer forelesning de må se på video (enten i INF100 eller KJEM110), så relativt lovende. For 3. semester er det ikke sett på konkrete løsninger ennå, men dette er mer komplisert enn 1. semester da flere disiplinemner inngår*
- *Er videoopptak godt nok som erstatning? Bør de få egen ekstraundervisning?*
- *Bra at kollisjonsfritt i 5. og 8. semester. Studenter har tidligere ønsket seg lengre kortpraksis og har da oppfattet videoopptak som en brukbar løsning. Men bør det være noe mer i tillegg?*
- *Tidligere info til instituttene, er at lektorstudentene må få et likeverdig undervisningstilbud som andre studenter, men det er overlatt til instituttene hvordan det kan gjøres, flere alternativer, f.eks. orakel og ekstraundervisning.*
- *Forståelig at er vanskelig å få til. Det viktigste er nok lektorstudentenes følelse av å komme på etterskudd og kompenserende tiltak løser ikke det*
- *Når det gjelder arbeidsmengde legges det opp til at kortpraksisen og andre deler at emnet den inngår i (pedagogikk i 1. semester og realfagsdidaktikk i 3. semester) utgjør 10 sp i sum. Reduserer på det øvrige for å gi rom for praksis.*
- *Kollisjonsutfordringene i lektorprogrammene er et strukturelt problem som har vært der fra start.*

- *Må ta dette alvorlig. Rapporten bør få en oppfølging, ikke bare tas til etterretning, det bør gjøres et vedtak. Må tas videre til de som bestemmer, fakultet og styringsgruppe for lektorutdanning*
- *Tenker det er to punkter å følge opp:*
 - *Kollisjonsproblematikk med kortpraksis. Hva vil vi jobbe med opp mot fakultet? Få til duplisering?*
 - *At kommunikasjonene mellom UiB og skolen ikke er god nok*
- *Ønsket er at studentene får prøve seg litt på undervisning i kortpraksis, ikke bare observasjon. Kunne det være en idé at rekkefølgen heller var snudd, noen enkeltdager først og deretter en hel uke, der man bidrar med litt undervisning. Da vet man mer om hva de hadde om i går og skal ha i morgen, sammenlignet med enkeltdager.*
- *Foreslår at det lages en konkret beskrivelse av kortpraksisen i tett dialog med skolen, sammen med praksisveileder*
- *Vanskelig å få til så mye undervisning i løpet av en uke, men mindre økter, f.eks. 15 min*
- *Å skulle undervise litt har alltid vært med i beskrivelsene, utfordringen er ofte at informasjonen stopper opp på veien og ikke når fram til konkrete praksisveilederne. Oppfordrer selv studentene til å ta med utskrift av beskrivelsen til praksisskolen og snakke med praksisveileder om hva de skal gjøre.*
- *Aktuelt å ta opp dette på LU-seminar, jfr. sak 13/24*

1. Fagfellerapport frå Det psykologiske fakultet (PF)

Ekstern fagfelle for pedagogikk i lektorutdanninga er førsteamanuensis Katrine Nesje frå UiO. Tema for rapporten: *Hvorvidt PEDA101 ivaretar nasjonale føringer og relasjonen til praksisemnets læringsutbyttebeskrivelser (PPUPRA101).*

Rapporten er lagt ved i e-posten med møteinnkallinga.

Handsaming:

Rapporten er handsama i programansvarleg for PPU sin rapport for emna PEDA101, PEDA102 og DIDAPSYK1. Her kjem det fram at eit av fagfellen sine råd om å styrke det samiske perspektivet i pedagogikkemna er følgt opp i form av justeringar i emnebeskrivingane og tilrådd faglitteratur.

2. Fagfellerapport frå Det samfunnsvitskapelege fakultet (SV)

Ekstern fagfelle for lektorprogrammet ved SV er førsteamanuensis Brita Bungum frå NTNU. Tema for rapporten har vert lektorstudentane sine erfaringar og vurderingar av programmet, på tvers av både kull og emne.

Rapporten er lagt ved i e-posten med møteinnkallinga.

Handsaming:

Rapporten blei drøfta i både programstyret for lektor sosiologi (20.03.24) og i undervisningsutvalet for sosiologi (11.04.24).

Denne rapporten har vært oppe i programstyret til lektorprogrammet, med to studentrepresentanter til stede. Programstyret syntes det var en god rapport med tilbakemeldinger som de vil ta med seg videre. Undervisningsutvalget snakket om spesielt to ting i rapporten: forslaget om sluttsamtale og kullansvarlig. Marthe fortalte at det er litt ulik forståelse av hva kullkontakt er, men at programstyret

vil diskutere videre hvordan vi kan innføre dette hos oss. Undervisningsutvalget tok opp dette med frafall ved lektorprogrammet, og kom frem til at dette er en vanlig tendens ved integrerte masterprogram og lektorprogram. Studentene slutter ikke nødvendigvis på programmet fordi de ikke lenger vil studere, men gjerne fordi de vil studere noe annet eller bytte over til "vanlig" sosiologi. Ved sosiologisk institutt forsøker vi å forebygge frafall, spesielt fra og med 7. semester, blant annet med blokkundervisning på masternivå. Med blokkundervisning imøtekommer vi lektorstudentenes behov med tanke på praksisperioden. Ved at alle masterstudentene ved sosiologisk institutt har felles timeplan forsøker vi å ivareta alle.

Oppdrag 2024

Oppdraga for dei eksterne fagfellerapportane for 2024 og som skal leverast innan 1. desember er som følger:

- HF: *Universitetsfag og skolefag.* Dei har også klar oppdraga for dei neste to åra; 2025 - *Internasjonalisering: både utveksling og praksis i utlandet* og 2026 - *Implementering av ny modell.*
- NT-fakultetet: *Korleis blir digital kompetanse dekket i utdanningsløpet i lektorutdanninga ved MN-fakultetet, og er det samsvar mellom utdanninga og forventningar om digital kompetanse i skulen?*
- PF/PPU: *Å vurdere den totale arbeidsbelastningen på PPU-studiet og komme med råd om eventuelle justeringer.*
- SV-fakultetet har hatt innleveringsfrist for fagfellerapporten i vårsemesteret og sidan kontrakten til ekstern fagfelle går ut ved årsskiftet føreligg det ikkje noko oppdrag for 2024. Ved SV-fakultetet er ordninga med eksterne fagfeller under revisjon. Det har bakgrunn i UiB sitt reviderte kvalitetssystem for utdanning.

Felles programstyre har ansvar for heilskapen i lektorutdanninga og skal sjå på ev. tverrfaglege og strukturelle forhold som kjem fram i rapportane og medlemmene bli bedt om å drøfte innhaldet i rapportane ut i frå dette.

ephorte: 24/30

**Sak 50/24 Utgreiing av gruppepraksis i første
langpraksis**

Notat frå lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 29. oktober 2024

ephorte: 24/30

Bakgrunn

I samband med drøftingssak [39/24, Politikk og forvaltning som fag 2 i den femårige lektorutdanninga, i felles programstyremøte 11.09.24](#) kom det fram at det er kapasitetsutfordringar for utplassering i første langpraksisperiode, dvs. i ungdomsskulen, og at utfordringane er prekære i samfunnsfag. I den samanhengen vart bl.a. spørsmålet om gruppepraksis aktualisert. Som oppfølging av saka vart lektorsenteret bede om å greie ut om det var mogleg å innføre *meir* gruppepraksis i første langpraksisperiode, og kva implikasjonar ei slik innføring vil kunne ha.

Gjennom den nye modellen for lektorutdanningane er konteksten for første langpraksisperiode blitt justert. For det første er semesterplasseringa endra, frå sjuande semester i gammal modell til femte semester i ny modell. For det andre er omfanget av praksisdagar endra. I den gamle modellen har HF/SV 28 dagar og NT har 49 dagar i ungdomsskulen, medan alle lektorprogram får 35 dagar med langpraksis i ungdomsskulen i ny modell. Sidan HF/SV har dei fleste studentane betyr den nye modellen at fleire studentar får *meir* praksis i ungdomsskulen, og samanlikna med lektorutdanninga andre stader får UiB ein tydelegare *ungdomsskuleprofil*.

Alle desse faktorane gjer at spørsmålet om gruppepraksis må sjåast i ein større samanheng, i høve til kva rolle det vil ha i lektorutdanninga som heilskap.

Dagens praksisordningar ved UiB

I dagens praksisordning brukar UiB gruppepraksis i kortpraksisperiodane tidleg i studiet, medan ein i langpraksisperiodane seinare i studiet har som mål at studentane skal ha parpraksis i det eine undervisingsfaget sitt, og individuell praksis i det andre.

Informasjon om korleis praksis blir gjennomført er omtalt på [nettinformasjonen til studentar om praksis](#) og [gruppe- og parpraksis er omtalt spesifikt](#).

I kortpraksis blir studentane delt inn i 3–5 studentar per gruppe, og kvar gruppe har ein praksisrettleiar. Gruppa følgjer praksisrettleiaren i undervisninga som denne har. Dette er korte praksisperiodar på ti dagar og som inkluderer to dagar før- og etterarbeid. Læringsaktivitetar som er inkludert i t.d. første kortpraksis (PEDA130) er mellom anna observasjon av undervisning, gjennomføring av undervisningsaktivitetar og deltaking i anna lærararbeid.

I langpraksis skal studentane i all hovudsak overta undervisninga ved å bl.a. planleggje, prøve ut og evaluere aktivitetar i faga sine. Når UiB finn praksisplassar til studentane, er det ei målsetting at studentane skal ha parpraksis med ein medstudent i eitt av praksisfaga medan dei i det andre faget har ansvar aleine. Nokre gonger let det seg likevel ikkje gjere å få til parpraksis, og studentane må gjennomføre praksis i grupper. Om studenten får gruppepraksis eller parpraksis, er avhengig av både kapasiteten ved skulen og studenten sin fagkombinasjon. Nokre skular tek imot mange studentar og då jobbar fleire studentar saman. Gjennomføring av gruppepraksis blir såleis gjennomført noko tilfeldig, og korkje studentane eller skulane sine erfaringar frå gruppepraksis er blitt evaluert systematisk.

Bakgrunnen for programstyret si oppmoding om å greie ut spørsmålet om *meir* gruppepraksis, var som nemnt ovanfor kapasitetsutfordringar knytt til talet på praksisplassar, og den store studenttilstrøyminga til samfunnsfag og historie dei siste åra, som igjen har gitt utfordringar med utplassering i langpraksis særleg i ungdomsskulen (sjå sak 39/24).

Samtidig er det uansett nyttig å få formulert retningslinjer for korleis gruppepraksis kan og skal gjennomførast også i langpraksis, i og med at det alt i dag til ein viss grad blir brukt. Her vil òg det faglege utbyttet ved gruppepraksis, t.d. gjennom samarbeid i team på ein systematisk og gjennomtenkt måte, kunne bli kasta lys over. Alle desse aspekta kan det vere nyttig å sjå nærare på i ei utgreiing om gruppepraksis.

Overgang frå gamal til ny modell – konsekvensar for langpraksis hausten 2026

Ei særleg utfordring er knytt til hausten 2026. Dette semesteret er det to kull som skal ut i første langpraksis samstundes, dvs. at ny og gammal modell «kryssar» kvarandre ved at lektorstudentar i sjuande semester (gammal modell) skal ut i første langpraksis samtidig med studentar i femte semester frå det første kullet i ny modell. Dette inneber at svært mange lektorstudentar skal ut i praksis i ungdomsskulen samstundes. Studentmengda for denne langpraksisen blir med det nesten dubla og det gjer også kapasitetsutfordringane. Dette vil krevje ein særleg beredskap for organisering for praksisutplasseringa dette semesteret. I den samanhengen blir òg spørsmålet om gruppepraksis særleg aktualisert.

Utgreiing av gruppepraksis

Gruppepraksis har faglege og ressursmessige implikasjonar, og når ein vurderer innslaget av gruppepraksis er det fleire omsyn som ein bør ta.

Ei utgreiing av gruppepraksis må for det første ta omsyn til korleis denne praksisforma går inn i ein fagleg samanheng og heilskap i eit femårig løp. Praksis er ein læringsarena, og gruppepraksis skal kunne gi komplementær læring som andre praksisformer ikkje utan vidare gir. Det føreset samtidig at læringsmåla for og oppfølginga i periodar med gruppepraksis blir tilpassa praksisforma. Som all praksis skal òg opplegg for gruppepraksis vere i samsvar med rammeplan for lektorutdanning 8–13 og sjåast i samanheng med tilrådingar i nasjonale retningslinjer for lektorutdanning 8–13.

Ut frå prinsippa om variasjon og progresjon i praksis er det problematisk dersom gruppepraksis blir eit dominerande element i praksisstudiet som heilskap: Dersom det er gjennomgåande gruppepraksis både i kortpraksis og i første langpraksisperiode, blir over halvparten av all praksis gruppepraksis. Ein kan løyse denne utfordringa gjennom differensiering, og det kan vere av interessa å få greidd ut. Her er det likevel fleire dilemma som ein ser. Det er t.d. ikkje ønskeleg at gruppepraksis skal vere definert for spesifikke fag (at vi får differensiering mellom «gruppepraksis-fag» og andre fag). For nokre fag er det samtidig såpass fåe studentar at gruppepraksis vil vere vanskeleg å få til, og det er heller ikkje eit tale om eit kapasitetsproblem (t.d. fransk). Ein kunne evt. ha differensiert mellom periodar i praksisperioden mellom gruppepraksis og individuell praksis, men då vil det potensielt melde seg ei rad logistiske og praktiske problem.

I utgreiinga bør ein sjå nærmare på evalueringar av praksis ved UiB, både i kortpraksis og langpraksis. Både studentane, praksisfeltet og profesjonsmiljøa sine erfaringar bør takast omsyn til, også dei som kjem utanom evalueringsskjema.

Det er vidare relevant å sjå nærmare på måtar gruppepraksis blir brukt på i lektorutdanninga ved andre institusjonar. Universitetet i Agder og Universitetet i Oslo har hatt presentasjonar av såkalla storgruppepraksis (jf. [NOKUTs webinar 12. september 2024 som oppfølging av NOKUT-evaluering av lektorutdanninga](#) og nasjonal lektorutdanningskonferanse 2023). UiO skal innføre opplegg med storgruppepraksis etter mønster av erfaringar frå UiA.

Ei utgreiing av bruk av gruppepraksis bør gjerast i samarbeid mellom profesjonsfagsmiljøet, praksisfeltet og lektorstudentar ved UiB. Gruppepraksis har faglege og ressursmessige implikasjonar, og ein bør leggje til grunn evalueringar frå praksis, organisering ved andre institusjonar og ressursmessige høve. Både studentane, praksisfeltet og profesjonsmiljøa sine erfaringar bør vektleggjast. UiB bør også hente inn informasjon om bruk og organisering av gruppepraksis frå andre samanliknbare utdanningsinstitusjonar.

Sjølv om kapasitetsutfordringar var utgangspunktet for å ta opp spørsmålet om gruppepraksis, er det kvalitet i utdanninga som må vere *førande* for korleis UiB forheld seg til spørsmål om gruppepraksis.

Utkast til mandat

Utgreiingsgruppa for gruppepraksis har som hovudmål å greie ut og gi råd om bruk av gruppepraksis i lektorutdanninga ved UiB.

Utgreiingsgruppa skal definere gruppepraksis som element i praksisopplæringa i eit femårig lektorutdanningsløp. Ein premiss er at praksisopplæringa som heilskap skal ha høg fagleg kvalitet, ha variasjon og progresjon, og at gruppepraksis kan gi komplementær læring som andre praksisformer ikkje utan vidare gir.

Utgreiingsgruppa skal vidare greie ut om erfaringar med gruppepraksis både internt ved UiB og andre nærskyldte institusjonar som tilbyr lektorutdanning.

Hovudsaka i utgreiinga vil vere å drøfte korleis gruppepraksis eventuelt kan kome inn som element i første langpraksisperiode i ungdomsskulen. I den vurderinga blir utgreiingsgruppa beden om å særleg omtale:

- Faglege gevinstar og dilemma ved bruk av gruppepraksis
- Kriterium for kva som er god kvalitet i gruppepraksis
- Kor omfattande bruk av gruppepraksis bør vere (for heile praksisperioden eller for delar? For alle fag eller for visse fag?)
- Tilråding om gruppestorleik ved gruppepraksis
- Praksisretteleiing (timar og typar, bl.a. tilhøvet mellom grupperetteleiing og individuell rettleiing)
- Oppfølging frå skulane undervegs i praksis
- Oppfølging frå UiB undervegs i praksis
- Ressursmessige implikasjonar

Utgreiingsgruppa blir i tillegg beden om å omtale særlege tiltak for å organisere første langpraksis for to kull hausten 2026.

Lektorsenteret stiller med sekretariat for utgreiingsgruppa.

Samansetting av utgreiingsgruppa:

- Fagleg praksisleiar (leiar)
- To fagdidaktikarar frå ulike fakultet
- Ein pedagog
- To lærarar/praksiskoordinatorar frå praksisfeltet
- To studentar med erfaring frå langpraksis

Lektorsenteret stiller med sekretær for arbeidsgruppa.

Frist for innlevering av utgreiing: 3. mars.

Framlegg til vedtak

Programstyret vedtek at det skal opprettast ei utgreiingsgruppe som skal greie ut og gi råd om bruk av gruppepraksis i lektorutdanninga ved UiB. Arbeidet skal skje i tråd med framlegg til mandat og gruppesamansetjing, og gruppa skal levere arbeidet sitt seinast 3. mars.

Sak 51/24

Kapasitetstak på sosiologi som fag 2

Notat frå lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 29. oktober 2024

ephorte: 24/30

Bakgrunn

I samband med programstyresak 39/24 *Politikk og forvaltning som fag 2 i den femårige lektorutdanninga*, vart lektorsenteret bede om å greie ut spørsmålet om kapasitetstak på utvalde fag 2 i lektorutdanninga. I saksdokumenta var det peikt på sosiologi og på politikk og forvaltning, men òg på historie.

I etterkant av programstyremøtet har SV-fakultetet drøfta kapasitetstak som eit tiltak for særleg sosiologi, og har vore i kontakt med lektorsenteret om spørsmålet (jf. e-post frå Katharina Sass 17.09.2024). Ei viktig grunngeving frå SV er at det er avgrensa med kapasitet på sosiologi og behov for å kunne styre studenttilstrøyminga til sosiologi som fag 2. I tillegg ser SV-fakultetet på slike kapasitetsgrenser som ein sjanse til å få inn politikk og forvaltning som fag 2. Idéen er at studentar som ønskjer undervisningskompetanse i samfunnsfag, kan ta anten sosiologi eller politikk og forvaltning.

I perioden etter sist programstyremøte har det ikkje vore høve til å ta opp med HF-fakultetet spørsmålet om eventuelt kapasitetstak på historie som fag 2.

Når det gjeld heimelen for å innføre eit eventuelt kapasitetstak for fag i lektorutdanninga, står det følgjande i UiB si studieforskrift, §6–5 (4):

«Fakultetet kan setje tak på talet på studentar på eit emne dersom faglege, pedagogiske eller organisatoriske grunnar tilseier det. Slike avgrensingar skal gå fram i emneskildringa. Fakultetet vedtar utfyllande reglar om rangering av studentar»

Sidan lektorutdanninga tangerer fleire fakultet, vil spørsmålet om kapasitetstak for fag 2 ha implikasjonar som gjer det nødvendig å ta denne saka opp i programstyret og styringsgruppa.

Korleis studentane får plass på fag 2

I ny modell for lektorutdanninga skal studentane starte på fag 2 i sitt tredje semester, dvs. dei startar på undervisning i fag 2 i midten av august. I forkant av dette må studentane gjere eit vegval i utdanningsplanen. Dette gjer dei i studentweb. Vegvalet bør skje i rimeleg god tid før undervisningsstart slik at det kan handsamast av UiB, og studentane kan få vite kva fag 2 dei har plass på før undervisninga startar opp i tredje semester. Ein frist 1. eller 15. juni vil gjere at studentane får svar på vegval før sommaren, slik at dei kan planleggje haustens emne og timeplan i god tid.

I tilfelle det er fleire som vil ha «opptak» til fag 2 enn det er plassar, kan ein gjere avgrensingar, og då er det viktig at avgrensingane blir gjorde ut frå førehandsdefinerte reglar for rangering av studentane. Her kan ein velje å rangere etter loddrekning eller etter karakter, eller etter meir kvalitative kriterium som t.d. motivasjon. Rangering etter loddrekning gir den enklaste måten å fordele studieplassane for sosiologi på, og er lite ressurskrevjande. Dersom ein skal rangere etter karakter, vil det vere anten opptaksgrunnlaget som studenten hadde frå vidaregåande skule, eller karaktersnittet frå første semester. Karakterane frå andre semester vil ikkje vere klare når vegvalet

skal sakshandsamast. Såleis er karaktergrunnlaget ganske avgrensa. Dersom ein ønskte å bruke meir kvalitative rangeringskriterium, t.d. søknader med motivasjonsutgreiing, vil prosessen bli meir ressurskrevjande.

Vurderingar frå lektorsenteret

Innføring av kapasitetstak for fag 2 reiser ein del overordna faglege og fagpolitiske problemstillingar, i tillegg til dei meir praktiske.

I dei siste åra har det ved HF/SV ikkje vore reguleringar av kva for fagkombinasjonar studentane kan ha i lektorprogramma, med unntak av at dei ikkje kan velje NT-fag. på HF og SV. (Ved NT har ein fastsett fagkombinasjonar som studentane kan velje mellom.) Studentane sine val av fagkombinasjonar følgjer over tid generelle trendar og tar ikkje omsyn til kva fag som har kapasitet på sine emne, kva kapasitet som praksisskulane har for praksisplassar på dei ulike fagområda eller kva som er behovet i skulen og gir lettast jobbmoglegheiter. For tida er samfunnsfaga og historie i vinden, medan nordisk, framandspråk og realfaga har færre søkjarar. Fagvala til studentane får så implikasjonar som frå lektorutdanninga sin ståstad ikkje er ideelle. Det har bl.a. oppstått kapasitetsproblem knytte til visse praksisplassar, særleg for samfunnsfag i ungdomsskulen (jf. sak 39/24), fordi så mange vel historie og samfunnsfag. Ein annan implikasjon er mistilhøve mellom fagvalet og behov i skulen. Ein tredje implikasjon er at det kan bli for mange studentar på visse studiefag i høve til den eksisterande undervisningskapasiteten, slik ein har meldt om for sosiologi gjennom denne saka.

Å innføre kapasitetstak på sosiologi som fag 2 vil vere eit kompensierende tiltak med tanke på denne tredje implikasjonen, og vil kunne ha ein positiv effekt med tanke på kapasiteten i sosiologifaget. Kapasitetstak er eit generelt verkemiddel for å regulere tilbod og etterspurnad i høgare utdanning, slik at ein kan oppretthalde god kvalitet i studiet.

Ei anna aktuell løysing, som kunne kome som eit supplement til kapasitetstak, var å innføre restriksjonar på visse fagkombinasjonar, primært mellom historie og sosiologi. Dette spørsmålet var oppe som drøftingssak 10. mai 2023 ([sak 25/23](#)), med omfattande saksdokumentasjon. Dersom ein innfører slike restriksjonar vil ein kunne regulere tilhøvet mellom tilbod og etterspurnad på ein meir gjennomsiiktig måte for studentane. Såleis aktualiserer spørsmålet om kapasitetstak spørsmålet om restriksjonar på fagkombinasjonar (jf. sak 52/24).

Eit anna supplerande tiltak, som også vil vere aktuelt, er at SV-fakultetet ikkje overoppfylte studieplassane til sosiologi som fag 1. Lektorprogrammet i sosiologi har teke opp langt fleire studentar enn det studieplassane tilseier (vanlegvis 134–145% overoppfylling i høve til studieplassane), og kull 2024 har 25 studentar på 17 studieplassar. Her har SV-fakultetet sjølv ei moglegheit til å regulere og handtere kapasitetsutfordringar som ein ikkje har nytta seg av.

Desse tiltaka står likevel ikkje i vegen for å innføre det kapasitetstaket som fagmiljøet ved SV-fakultetet har signalisert at ein ønskjer.

Fagmiljøet ved SV-fakultetet ønskjer vidare å kombinere innføring av kapasitetstaket for sosiologi som fag 2 med at politikk og forvaltning kjem inn som fag 2 i lektorutdanninga. Det er vist til at det er ein måte å avlaste sosiologi på. Då vil studentar som ikkje får plass på sosiologi, kunne ta politikk og forvaltning og likevel utdanne seg til samfunnsfaglærarar. Ein må stille spørsmål ved om det er ein

nødvendig samanheng mellom desse to momenta: Er kapasitetstak for sosiologi avhengig av at politikk og forvaltning blir innført som supplerande samfunnsfag 2? Prinsipielt sett er dette to ulike saker. Dersom politikk og forvaltning kjem inn som fag 2, har det likevel konsekvensar ved at det vil utvide den samfunnsfaglege kapasiteten og valfridomen i lektorutdanninga. Det kan kunne fungere positivt rekrutterande for samfunnsfag. Dette løyser ikkje kapasitetsspørsmål knytt til praksis med samfunnsfag i ungdomsskulen og andre implikasjonar av det frie fagvalet, men løyser eit definert kapasitetsproblem for undervisninga i sosiologi.

Eit nærliggjande spørsmål vil så vere om politikk og forvaltning skal ha eit tilsvarande kapasitetstak som sosiologi. Det må i så fall vere knytt til spørsmålet *om* faget skal inn.

Når det gjeld den praktiske gjennomføringa av eit kapasitetstak for sosiologi, vil ein definert frist for vegval/fag 2 i slutten av andre semester, gi betre planleggingsmoglegheiter for undervisning og ressursar i fagmiljøa, i tillegg til at det er positivt for studentane å få tidleg nok tilbakemelding på om dei har fått plass. Slik det er skissert no, framstår loddtrekning som den mest føremålstenlege framgangsmåten å regulere eit kapasitetstak på, både fordi karaktergrunnlaget vil vere så avgrensa så tidleg i studiet, og for at studentane skal få ei rask tilbakemelding.

Framlegg til vedtak

Programstyret stiller seg positivt til ei prøveordning med kapasitetstak på 15 studentar på sosiologi som fag 2. For å regulere kapasitetstaket føreslår programstyret bruk av loddtrekning.

Det må avklarast om prøveordninga kan innførast for studentar på kull 2024 eller om det må skje frå kullet som startar i 2025.

Programstyret vil påpeike at kapasitetsproblem for sosiologi òg kan hengje saman med at ein over fleire år har teke opp fleire studentar til programmet enn det er studieplassar til.

ephorte: 24/30

**Sak 52/24 Restriksjonar på fagkombinasjon mellom
samfunnsfag og historie**

Notat frå lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 29. oktober 2024

ephorte: 24/30

Bakgrunn

På møtet 10. mai 2023 tok programstyret opp spørsmålet om fagkombinasjonar i lektorutdanninga som drøftingssak. Det vart då presisert at spørsmålet kunne kome som vedtakssak seinare. Dette er ei oppfølging av det.

I dag er det ikkje regulert kva for fagkombinasjonar lektorstudentane kan ha internt ved HF-/SV-fakultetet, medan det er regulert ved NT-fakultetet. Det betyr at det heller ikkje ligg føringar for studentane sine fagval, anna enn at faga blir tilbydd i lektorutdanninga ved HF/SV. Denne valfridomen har fleire forventa fordelar, bl.a. studenttilfredsheit, rekruttering og gjennomføring, men òg ein del forventa utfordringar, bl.a. knytt til praksisplassar, kvalitet i praksis, arbeidslivsrelevans- og -behov.

I utgreiingsarbeidet er det kombinasjonen historie og samfunnsfag som har framstått som mest utfordrande. Det har tidlegare vore restriksjonar mot å kombinere desse to faga i lektorutdanninga, men etter vedtak i styringsgruppa har studentane sidan 2021 kunne kombinere faga. Framlegget i denne saka er at programstyret tilrår å gjeninnføre restriksjonane mot denne spesifikke fagkombinasjonen.

Tilvising til bakgrunnsdokument

Spørsmålet som står i fokus her, har vore utgreidd og diskutert i fleire samanhengar i programstyret i 2023 og 2024:

- Sak om fagkombinasjonar i lektorutdanninga, programstyremøtet 10. mai 2023 (25/23):

https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/innkalling_programstyret_10.05.23.pdf

- Sak om opptakstal og rekruttering for 5LU og PPU, programstyremøte 11. september 2024 (38/24):

https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/innkalling_felles_programstyre_11.09.24.pdf

- Sak om politikk og forvalting som fag 2 i den femårige lektorutdanninga, programstyremøtet 11. september 2024 (39/24):

https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/innkalling_felles_programstyre_11.09.24.pdf

Saksdokumenta i desse nemnde sakene utgjer grunnlagsmateriale for denne saka, og det blir dermed vist til dei.

Argument i saka

Både historie og samfunnsfag er viktige fag i skulen, og UiB har sterke fagmiljø som er med på å utdanne gode lektorarar i faga. Sidan faga er populære blant studentar, bidreg dei òg til å tiltrekkje seg studentar til UiB si lektorutdanning. Spørsmålet her handlar likevel ikkje om verdien av historie eller samfunnsfag, men om kombinasjonen av faga i lektorutdannings-programma, sett i høve til utfordringar for lektorutdanninga som heilskap.

Argument for restriksjonar:

Det same faget i ungdomsskulen: På ungdomsskulen er historie og samfunnsfag ikkje sjølvstendige fag, men eitt og same fag.

Utfordringar i praksis: At historie og samfunnsfag ikkje er ulike fag i ungdomsskulen, betyr at studentar som vel å kombinere dei to faga skal ha all praksis i eitt og same fag. Det byr på faglege, logistiske og praktiske utfordringar, som bli forsterka på grunn av populariteten til historie og samfunnsfag, og som gjer at det er så stort behov for praksisplassar der. Som det kom fram i sak 39/24, er det mellom 82–83% av lektorstudentane ved HF og MN som alt har historie eller sosiologi som eitt av faga sine (dvs. fag 1 eller fag 2), og dersom mange nok kombinerer dei to faga, blir praksisgjennomføringa endå meir utfordrande:

Kull	Tal på studentar (minus realfag)	His/sos fag 1	%	His/sos fag 1 og 2	%
Kull 24	130	68	52 %	*	
Kull 23	120	56	46 %	*	
Kull 22	115	43	37 %	95	82 %
Kull 21	102	45	44 %	85	83 %

Fig. Frå sak 39/24.

Som nemnt i sak 39/24 nærmar situasjonen for praksis i samfunnsfag i ungdomsskulen seg «kritisk», og at det også er misnøye frå skular og skuleeigarar om situasjonen. Det har ført til at ein vurderer ulike kompensatoriske tiltak, bl.a. gruppepraksis. Generelt er det ein fare for at kompensatoriske og akutte tiltak vil bidra til at kvaliteten på praksis blir svekka.

Arbeidslivsrelevans: Det blir utdanna svært mange historie- og samfunnsfagslærarar ved alle UH-institusjonar i Noreg. Ved UiB har ein overbooka inntaket av studentar i faga i lektorutdanninga systematisk dei siste åra (med 155% i 2024). Samtidig er det ikkje så mange ledige stillingar knytte til faga i skulen, og det blir særleg utfordrande å få stilling med kombinasjonen historie og sosiologi. Som det kom fram i samband med sak 25/23, rapporterer skulesektoren at ein ønskjer breidde blant lektorkandidatane, og at fagkombinasjonar er viktig med tanke på tilsetjingar. Eit nytt moment er at skulenedleggingar og minkande elevtal truleg vil få konsekvensar for etterspurnaden av lærarar i tida framover, særleg i vidaregåande skule.

Prioritering av fag: Dei fagkombinasjonane ein opnar for, handlar òg om kva fag ein vil prioritere i lektorutdanninga, og det er rimeleg å tenkje seg at dersom ein stengjer for kombinasjonen historie og samfunnsfag vil opne for at fleire vil ta språkfag som det er sterkt behov for i skulen. Eit grunnlag for resonnementet er at studentane vel fag 1 og ikkje fag 2 når dei søker studiet.

Restriksjonar først: Det vanlege ved utdanningsinstitusjonar som tilbyr lektorutdanning, er at ein prøver å regulere fagkombinasjonar gjennom restriksjonar imot visse fagkombinasjonar. Såleis har t.d. UiO bestemt at ein ikkje kan kombinere fag som historie og samfunnsfag (jf. sak 25/23). Ved UiB er det som nemnt restriksjonar internt ved NT, og det er restriksjonar imot å kombinere HF-/SV-fag og NT-fag innanfor rammene av lektorprogramma. Generelt er det restriksjonar for fleire fag ved UiB for å regulere tilbod og etterspurnad.

Argument imot restriksjonar

Eigne val: Studentane er vaksne menneske som skal vere i stand til å ta sjølvstendige val og ta konsekvensane av det. Dersom studentane tek val som isolert sett kan framstå som «ufornuftige», er det såleis deira ansvar. Samtidig kan tenkje seg at dette vil regulere seg sjølv over tid, og at studentane stort sett vil ta fornuftige val. Det kan òg vere eit eige, legitimt val av studentane at dei vil fokusere på vidaregåande skule og relaterte programfag.

Valfridom som verdi: Det har ein eigenverdi at studentane sjølve kan bestemme kva for fag dei kan kombinere. Valfridom basert på interesse vil vere eit viktig aspekt ved eit klassisk allmennuniversitet. I tillegg vil valfridom bidra til at studentane kjenner eigarskap til eige studium og at dei trivst betre i studiane. Trivsel er i sin tur eit viktig vilkår for gjennomføring av utdanninga.

Rekruttering: Det kan presumptivt framstå som rekrutterande at UiB har større valfridom i fagkombinasjonane enn det andre utdanningsinstitusjonar har. Dette kan såleis gå inn i UiB sin lektorutdanningsprofil. I alle tilfelle er studenttilstrøyminga i historie og samfunnsfag samla sett svært viktig for rekrutteringa til lektorutdanninga ved UiB.

Andre kombinasjonar: Fagkombinasjonen historie og samfunnsfag blir alt i dag tilbydd i PPU. Det er i tillegg andre kombinasjonar av fag som har liknande utfordringar, utan at det blir tilsvarande problematisert.

Framtida: Sjølv om lektorutdanninga skal utdanne for skulen, legg UiB òg opp til at ein kan utdanne kandidatar som vil arbeid andre stader enn i skulen, t.d. i media, forlag, med formidling etc. Ein veit elles ikkje korleis skulen vil sjå ut i framtida, og lektorutdanninga skal ikkje berre vere tilpassa dagens skule.

Vurdering

Historiemiljøet og samfunnsfagsmiljøet har tydeleg signalisert at dei ikkje ønskjer restriksjonar imot fagkombinasjonar av faga sine. Generelt er det uheldig med ulike syn i fagmiljøa når ein skal gjere

vedtak i vanskelege saker. Samtidig er det nettopp ulike syn som gjer saker vanskeleg, utan at det tilseier at ein skal unngå å ta dei opp.

Argumenta både for og imot restriksjonar er legitime. Det handlar om balanse mellom studentane sin valfridom og det å sikre kvaliteten på lektorutdanninga og at ein utdannar kvalifiserte lektorar. Ut frå den handsaminga som har vore av saka til no, er det vanskeleg å sjå at det skal kome genuint nye moment i saka, dvs. moment som vil kunne ha konsekvensar for kva syn ein har på det spørsmålet som blir teke opp.

På det grunnlaget er det rimeleg at programstyret kjem med sitt syn på saka.

Framlegg til vedtak

Programstyret tilrår at UiB ikkje lenger skal tillate fagkombinasjonen historie og samfunnsfag i som vekselvis fag 1 og fag 2 i lektorprogrammet.

Sak 53/24 Politikk og forvaltning som fag 2

Notat frå lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 29. oktober 2024

ephorte: 24/30

Bakgrunn

I møte den [11.09.24 drøfta felles programstyre sak 39/24 om politikk og forvaltning \(GOV\) som fag 2 i den femårige lektorutdanninga](#). Mykje av drøftinga dreidde seg om implikasjonane for praksisgjennomføringa når så mange lektorstudentar skal ha praksis i samfunnsfag i ungdomsskulen. På bakgrunn av diskusjonane kom det fram innspel som så lektorsenteret skulle følgje opp i førebuingane til ei vedtakssak om GOV som fag 2 i den femårige lektorutdanningen.

Innspela som lektorsenteret skulle følgje opp er presentert i sak 50/23 - *Utgreiing av gruppepraksis i første langpraksis*, sak 51/23 - *Kapasitetstak på sosiologi som fag 2*, sak 52/23 - *Restriksjonar på fagkombinasjon mellom samfunnsfag og historie* og sak 54/23 - *Geografisk område for praksis i lektorutdanninga*.

Som saksutgreiing for denne saka blir det vist til [sakspapira i sak 39/24 Politikk og forvaltning som fag 2 i den femårige lektorutdanninga](#) for programstyremøtet 11.09.2024. Som det blir nemnt der, har innføring av politikk og forvaltning implikasjonar for den faglege profilen til lektorutdanninga, fagleg innretning, dimensjonering, studenttal og økonomi, og det er grunnar som talar både for og imot å innføre politikk og forvaltning som fag 2.

Frå fagmiljøet ved SV-fakultetet er det vist til at innføring av politikk og forvaltning som fag 2 kan vere ein måte å avlaste sosiologi på. Då vil studentar som ikkje får plass på sosiologi, kunne ta politikk og forvaltning og likevel utdanne seg til samfunnsfagslærarar. Tilhøvet til sosiologi er handsama i samband med sak om kapasitetstak for sosiologi som fag 2 (jf. sak 21/24). Generelt er det her tale om to ulike saker, og ein kunne òg ha trekt inn andre spørsmål i vurderinga.

Programstyret blir bede om å ta stilling til om politikk og forvaltning bør innførast som fag 2 i lektorutdanninga, på bakgrunn av dei spørsmåla som er stilt i sak 39/24. Det er styringsgruppa som vil gjere endeleg vedtak i saka, i møte 3.12.

Framlegg til vedtak:

Alternativ A:

Felles programstyre tilrår at politikk og forvaltning blir innført i den femårige lektorutdanninga ved UiB som fag 2 for lektorprogramma ved Det humanistiske fakultet frå og med haust 2025. Faget skal ikkje kunne kombinerast med sosiologi eller historie som fag 1. Programstyret føreset at politikk og forvaltning har tilsvarande kapasitetstak som sosiologi.

Alternativ B:

Felles programstyre tilrår ikkje at politikk og forvaltning blir innført i den femårige lektorutdanninga ved UiB som fag 2 for lektorprogramma ved Det humanistiske fakultet frå og med haust 2025.

**Sak 54/24 Geografisk område for praksisutplassering i
lektorutdanninga**

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 29. oktober 2024

ephorte: 24/30

Bakgrunn

I [felles programstyremøte 11.09.24, sak 39/24](#), blei lektorsenteret bedt om å greie ut moglegheitene for å utvide det geografiske området for praksis og kva implikasjonar det vil ha.

Dagens ordning for praksis

Per i dag har UiB praksisavtalar med skular i Bergen og omland. Dersom studentar av særlege grunnar søker praksis ved ein skule som UiB ikkje har avtale med, er det ein føresetnad at skulen ligg innanfor 1,5 time radius frå campus, jfr [retningslinjer for tildeling av praksisplass](#). Retningslinene gjeld for langpraksis. Sidan det ikkje er praksisbesøk i kortpraksis kan studentar søke om praksis ved skular som ligg lenger unna campus for desse periodane.

Det kan førekomme at studentar får innvilga praksisplass på ein skule utanfor Bergen og omland. Dette skjer etter vurdering av søknad om tilrettelegging av praksis på grunnlag av særskilde behov. Dei som får innvilga praksis utanfor Bergen, må sjølv finne praksisplass (skule) og formidle nødvendig kontaktinfo til UiB for vidare oppfølging og avtalar.

Ekstra reiseutgifter i samband med praksis, t/r skule – heim, blir refundert av UiB. UiB dekker ikkje utgifter til husleige eller reise i samband med innvilga tilrettelegging av praksis utanfor Bergen.

Kvalitet i praksisoppfølginga

Retningslinjer for tildeling av praksisplass vart sist handsama i praksisutvalet i 30.04.20. Saka kom opp på bakgrunn av erfaringar frå tre studentar som fekk innvilga praksisplass utanfor Bergen (Førde, Oslo og Kristiansand) våren 2020.

Erfaringane frå desse tre viste at det var vanskeleg å følge opp studentane på same måte som dei ville blitt følgt opp i Bergen og omland. Lang reiseveg gjorde praksisoppfølginga, i form av praksisbesøk, vanskeleg for både fagdidaktikarar og pedagogar. Forsøk på å få vikarar til å gjennomføre praksisbesøk førte til ekstra arbeid for både administrativt- og vitenskapleg tilsette og let seg heller ikkje alltid gjere.

Praksisbesøk er formelt sett ei undervegsvurdering og er såleis ein viktig del av i sluttvurderinga av studenten si praksisopplæring. Praksisutvalet/UiB er ansvarleg for at for at studentane får praksisopplæring av høg kvalitet. Dersom praksisoppfølginga, i form av praksisbesøk, ikkje kan kvalitetssikrast kan dei heller ikkje tilrå ei utvida bruk av praksisskular utanfor Bergen og omland.

Andre implikasjonar ved praksis utanfor Bergen og omland

Økonomisk

Dersom UiB skal utvide sitt geografiske område som ein del av den ordinere praksisutplassering vil UiB måtte dekke reise og opphald for studentane for den gitte perioden. Samanliknbare institusjonar dekkjer buutgifter på inntil kr 6000,- per måned, dvs rundt kr 12 000,- per student per langpraksisperiode i ny modell.

Utgifter i samband med praksisbesøk vil også auke, enten i arbeidstid og reiseutgifter til internt tilsette eller i form av løn til eksterne som blir sett til oppdraget.

Totalt sett vil utviding av dagens geografiske praksisområde føre til ei vesentleg auke i utgifter knytt til praksisutplassering.

Organisatorisk, praktisk og administrativt

Per i dag må dei som får innvilga tilrettelegging i form av praksisplass utanfor Bergen finne praksisskule sjølv og vidareformidle kontaktinformasjon til UiB. Etterpå må UiB sørge for at skulen får den nødvendige informasjonen knytt til praksisgjennomføringa i tillegg til å organisere for praksisbesøk, enten internt frå UiB eller eksternt. Dette er både tid- og arbeidskrevjande. I dag er det 1-2 studentar per semester som får innvilga praksisplass utanfor Bergen. Det er då særlege behov som ligg til grunn, og som det er føremålstenleg at UiB tek omsyn til. Dersom fleire studentar skal ha praksis utanfor Bergen, utan tilsvarande behov, vil dette auke den administrative arbeidsmengda i stor grad.

Dersom UiB sjølv skal rigge for praksisplassar utanfor dagens praksisområde gjennom nye praksisavtalar bør UiB også sørge for bustad for studentane. Begge deler vil krevje auka ressursar til praksisadministrasjon og innebære utfordringar som UiB og praksisadministrasjonen ikkje er rigga for i dag. Utviding av praksisområdet og praksisskular kan også komme i konflikt med andre lærestader og deira praksisplassar.

Oppsummering

Dersom UiB utvidar det geografiske området for praksisutplassering:

- Kan ikkje UiB sikre kvalitet i både praksisutplasseringa og i praksisoppfølginga slik ein ynskjer. Kvaliteten blir heller svekka.
- Vil dei økonomiske implikasjonane, både i tid og pengar, bli for store.
- Vil det praktiske og administrative arbeidet auke i eit omfang som UiB ikkje er rigga for.

UiB/lektorsenteret tilrår ikkje at UiB utvidar det geografiske området for praksis og legg saka fram for felles programstyre til orientering.

Sak 55/24 Endringer i forskrift om rammeplan for PPU

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 29. oktober 2024

ephorte: 24/30

Bakgrunn

28. juni gjorde Kunnskapsdepartementet endringar i forskrift om rammeplan for PPU. Endringane var i samsvar med framlegg frå Kunnskapsdepartementet i høyring sendt 23. april med høyringsfrist 7. juni, og som UiB gav høyringsinnspel på. Dei aktuelle endringane som er relevante for lektorutdanninga ved UiB er følgjande:

PPU-master

Det blir opna for at utdanningsinstitusjonane kan ta opp søkjarar med relevant BA-grad til toårig integrert PPU-master. Det vil seie at masterdelen vil få ein kortare disiplinfagleg del enn kva tilfellet er i det eksisterande studieløpet for dei som i dag tek PPU. Frå før av har det vore mogleg å ta treårig integrert PPU-master.

NT-fakultetet har drøfta å opprette eit slikt tilbod ved UiB. Oppretting av eit slikt tilbod må skje i dialog mellom NT-fakultetet, Det psykologiske fakultet og lektorsenteret.

Tidsavgrensa unntak for masterkrav til PPU for dei med arbeidserfaring

I revidert rammeplan blir det også opna for at utdanningsinstitusjonane fram til 2030 kan ta opp søkjarar med relevant bachelorgrad og minst to års relevant arbeidserfaring frå skulen til eittårig PPU.

Saka blei handsama i styringsgruppa, sak 23/24, *Endringer i forskrift om rammeplan for PPU*, 01.10.24 med følgjande vedtak:

Styringsgruppa stiller seg positiv til at UiB fram til 2030 kan ta opp søkjarar med relevant bachelorgrad og minst to års relevant arbeidserfaring frå skulen til eittårig PPU. Lektorsenteret gir innspel til programeigar om kva som ligg i relevant arbeidserfaring.

Saka blir lagt fram for felles programstyre til orientering.

Sak 56/23

Nytt frå praksisutvalet

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 29. oktober 2024

ephorte: 24/30

Fagleg praksiskoordinator orienterer frå førre møte i praksisutvalet.

Protokoll frå førre møte er lagt ved.

VEDLEGG: PROTOKOLL FRÅ PRAKSISUTVALET 24.09.24

UNIVERSITETET I BERGEN
Praksisutvalget
Lektorsenteret

Arkivsaksnr.:2024/310

Møte i praksisutvalget ble holdt tirsdag den 24. september klokken 14-16 i Christies gate 20 (Lektorsenteret).

Til stede: Marthe Hatlen Grønsveen (leder), Mona Langø (SV), Marie von der Lippe (HF), Hilde Hjertager Lund (IPED) Merethe Foer (VLFK) Katrine Aske (studentrepresentant 5LU),

Observatører: Anne Sophie Krayou (SA), Aud Irene Mehammer (SA),

Forfall: Christoph Kirfel (MN), Kristin Eikanger (BK) Monica Håkonsli (VLFK), Mariann Alsaker Andreassen (student 5LU)

Sekretær: Hege Ekeland

SAKSLISTE:

I	24/310	GODKJENNING AV SAKSLISTE Sakslisten ble godkjent
II	24/310	GODKJENNING AV REFERAT Referatet ble godkjent
III		ORIENTERINGSSAKER 1. Online «innføring i praksisbesøk» Arrangert torsdag 19. september. Mål om å ha slike online-møter i forkant av langpraksis (høst og vår). 2. Lektorlunsj om veiledning den 3. oktober 3. Stort behov for praksisplasser i samfunnsfag i forbindelse med LAPRA101. På kull 21 har 83 % av studentene på HF og SV har sosiologi eller historie som fag 1 eller fag 2. Tilsvarende prosentfordeling neste høst, men det er et noe mindre kull.
Sak 06/24	15/11870	Reviderte retningslinjer for praksisbesøk Praksisutvalget ble bedt om å komme med innspill til forslaget til reviderte retningslinjer for praksisbesøk. Det kom flere konkrete innspill, som vil bli tatt til følge. Diskusjonen av reviderte retningslinjer for praksisbesøk førte til en diskusjon om hvorvidt UiBs besøksmodell bør revideres. Praksisutvalget ønsker at dette løftes til programstyret. Utvalget mener UiB bør ha en grundig diskusjon om hensikten med praksisbesøk, inkludert ressursbehov og antall praksisbesøk som skal gjennomføres per semester. Ettersom diskusjonen i utvalgsmøtet ble mer prinsipiell om hvorvidt UiBs modell for praksisbesøk er bærekraftig på lang sikt, vegret utvalget seg for å vedta de foreslåtte

		reviderte retningslinjene. Det ble derfor bestemt at de vedtas (med de foreslåtte endringer som fremkom i møtet), men for en begrenset tidsperiode. Reviderte retningslinjer ble vedtatt å ha gyldighet til og med våren 2025. Endringene i retningslinjene etter behandlingen i praksisutvalget fremkommer i vedlegget («Reviderte retningslinjer for praksisbesøk»). Vedtak Praksisutvalget vedtar de nye retningslinjene for praksisbesøk med de endringen som fremkom i møtet, for en begrenset tidsperiode (til og med våren 2025). Utvalget legger til grunn at UiBs modell for praksisbesøk behandles videre. De reviderte retningslinjen vil sendes på høring i organisasjonen før endelig behandling i felles programstyre.
Sak 07/24	22/2397	Konkretisering av kampuspraksisdager Praksisutvalget vil presisere at studentaktiviteten på kampuspraksisdagene skjer under faglig oppfølging. Praksislærere/faglig ansatte ved UiB skal lede og veilede studentens arbeid på KP-dagene. Praksisutvalget ønsker at kampuspraksisdagene evalueres systematisk i etterkant. Både studenter og bidragsytere skal delta i evalueringen. Det ble også foreslått at eksterne fagfeller kan bidra i evalueringen, dersom det er mulig. Praksisutvalget ønsker videre at det presiseres at det ikke kan være krav til forarbeid for kampuspraksisdagene ettersom praksis ikke gir studiepoeng. Vedtak Praksisutvalget anbefaler at: A) En kampuspraksisdag har et omfang på 6 timer, inkludert lunsj. Det kan ikke kreves at studentene må gjøre forarbeid i forkant av kampuspraksisdagene. B) Kampuspraksisdagene skal etterstrebe mest mulig studentaktive læringsformer, i tråd med emnebeskrivelsene for disse dagene. Ulike aktører (undervisere, lærere fra skolen og så videre) kan gi korte innføringer i sentrale begrep og problemstillinger som gir studentene nødvendige verktøy til å kunne arbeide med tematikken for de ulike kampuspraksisdagene, men forelesningsaktiviteten bør holdes til et minimum. C) Praksisutvalgets anbefalinger fra punkt a og b videreformidles til de ansvarlige fakultetene, med oppfordring om å justere innholdet i tråd med anbefalingene.
		Eventuelt 1) Digitalt førpraksismøte. Ønske om at veilederne melder interesse for hvilket break-out room de vil delta på i forkant av møtet. Dette gir bedre forutsigbarhet. En enkel påmelding kan sendes ut i forkant.

Marthe Hatlen Grønsveen
leder

Hege Ekeland
sekretær

**Sak 57/23 Fleksibel dag under gjennomføring av
kortpraksis i tredje semester for
lektorstudentar i realfag**

Notat frå lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 29. oktober 2024

ephorte: 24/30

Bakgrunn

Felles programstyre i [sak 2/24 - Kortpraksis i ny modell – løysingar for fleksible dagar, 23.01.24](#), blei kortpraksis i ny modell vedteke. Premissen for praksis var ei felles ordning for lektorprogramma, jf. redesignprosjektet.

Praksisperiodane i lektorutdanninga ved UiB:

Femårige lektorutdanning, ny modell:

- 1. kortpraksis (PEDA130) i første semester: 5 faste dagar i veke 37 og tre fleksible dagar i veke 38–39. To dagar med *før- og etterarbeid* kjem i tillegg. Praksis er i ungdomskulen.
- 2. kortpraksis (DIDAxxx) i tredje semester: 5 faste dagar i veke 37 og tre fleksible dagar fortrinnsvis i veke 38–40. To dagar med *før- og etterarbeid* kjem i tillegg. Praksis er knytt til didaktikkemne og er i vidaregåande skule.
- 1. langpraksis (LANGPRAKSIS1) i femte semester : 35 dagar i veke 40-47. Praksis i ungdomskulen.
- 2. langpraksis (LANGPRAKSIS2) i åttande semester: 35 dagar praksis i vidaregåande skule.

I tillegg har PPU-studentane 30 dagar praksis i vidaregåande skule i haustsemesteret og 30 dagar praksis i ungdomskulen i vårsemesteret. I haustsemesteret startar praksisperioden rundt veke 39/40.

Førespurnad frå Fakultet for naturvitskap og teknologi

I brev datert 01.10.24 ber Fakultet for naturvitskap og teknologi (NT-fakultetet) om at lektorstudentane i realfag kan erstatte ein av dei fleksible praksisdagane i tredje semester med deltaking på ein fagdag i skulen seinare i semesteret. Fagdagen må følgeleg omhandle eitt av realfaga.

NT-fakultetet sitt framlegg: *Studentene gjennomfører 5 dager i uke 37, de gjennomfører 3 dager i uke 38-40, men kan i samråd med skolen erstatte en av de tre dagene med deltagelse på en fagdag i et av realfagene senere i semesteret for å få mer erfaring fra realfagsundervisning.*

NT-fakultetet grunngjev førespurnaden med at tett kampusundervisning parallelt med perioden for dei tre fleksible praksisdagane kan gjere det vanskeleg for studentane å få praksis i skulen på dagar med mykje realfagundervisning. Kortpraksisen er knytt til REALDI100-P *Læring i realfagene*, og det er difor ynskjeleg at studentane kan få delta i så mykje realfagsundervisning i kortpraksisen som mogleg.

I same brev presenterer dei også framlegg til løysingar for både *etterarbeid* og oppmøteskjema, og dei føreslår at siste dag for deltaking på fagdag kan vere fredag i veke 45 .

Brevet frå NT-fakultetet er lagt ved saka.

Implikasjonar

Premissen om ei felles ordning for praksis for UiBs lektorutdanning inneber at løysinga som NT-fakultetet etterspør også må kunne gjennomførast i også programma ved HF- og SV-fakultetet. Det vil førekome fagdagar også i andre fag enn for realfag og løysinga vil difor også gjelde for alle lektorstudentane.

Andre kortpraksisperiode blir tett følgt av første langpraksisperiode for PPU-studentane i same skuleslag. PPU-studentane vil difor vere ut i praksis i same periode som NT-fakultetet føreslår at realfagsstudentar kan delta på fagdag. Det kan då oppstå situasjonar kor PPU-studentar har sin praksisundervisning samstundes som kortpraksisstudentane observerer. Her blir det viktig med tydeleg informasjon til begge studentgruppene i forkant

Kollisjonssikring av timeplan vil ikkje gjelde for studentar som vel å flytte ein praksisdag til etter ordinær praksisperiode. Fakulteta vil ha ansvar for å informere studentane om dette, og studenten vil sjølv ha ansvar for å sjekke timeplan opp mot ev. fagdag i skulen.

Vurdering

Lektorsenteret vurderer at omfanget av studentar som ber om dette vil vere handterbart med tanke på det administrative meirarbeidet knytt til ekstra registrering av oppmøteskjema.

Ein fleksibel praksisdag kan elles bli gjennomført etter følgende premiss:

- Ordninga er felles for alle lektorprogramma.
- Fakulteta har ansvar for å orientere studentane om at bruk av fleksibel praksisdag ikkje er kollisjonssikra med undervisning på campus.
- Studenten er sjølv ansvarleg for å sjekke eigen timeplan opp mot tidspunkt for fagdag.
- Studenten må avtale deltaking på fagdag i samråd med skulen/praksiskoordinator/rettleiar.
- PPU-studentar har prioritet på undervisningspraksis på fagdag.
- Dersom studenten deltar på fagdag kan etterarbeid for praksis likevel bli gjennomført saman med dei andre på kullet, og då gjerne i forkant av siste praksisdag/fagdag.
- Deltaking på fagdag må skje innan utgangen av veke 45.
- Ved avtale om deltaking på fagdag må dette noterast på oppmøteskjema etter veke 40. Nytt oppmøteskjema blir levert etter fagdagen.

Framlegg til vedtak

Programstyret støttar ei fleksibel løysing for kortpraksis i tredje semester. Dette inneber 5 faste dagar i veke 37 og tre fleksible dagar fortrinnsvis i veke 38–40. Studenten kan, i samråd med skulen, erstatte ein av dei tre fleksible dagane i veke 38-40 med deltaking på ein fagdag i eitt av undervisningsfaga innan utgangen av veke 45.

Felles programstyret for lektorutdanningen

Referanse

2022/2716-MAJE

Dato

01.10.2024

Innspill til redesignet modell og overgangen

Lektorutdanningsutvalget ved NT-fakultetet vil ved dette melde inn to saker til programstyret:

Kortpraksis 3. semester

Felles programstyre for lektorutdanningen vedtok 23.01.24 følgende:

Programstyret støtter alternativ 1 for organisering av kortpraksis i tredje semester, med fem faste dager i uke 37 og tre fleksible dager fortrinnsvis i uke 38-40, og at man har en felles organisering av kortpraksisperioden på tvers av lektorutdanningen.

For realfagslektorstudentene er kortpraksisen knyttet til REALDI100-P Læring i realfagene. Det er derfor ønskelig at studentene kan få delta i så mye realfagsundervisning i kortpraksisen som mulig. De fleksible dagene skal gjennomføres parallelt med undervisning på campus. Det vil være mulig å få til en ukedag pr. uke uten campusundervisning der studenten kan gjennomføre praksisen, men det kan være vanskelig å få dette til å passe for alle studenter samtidig som det skal klaffe med dager i skolen med mye realfagsundervisning. For å sikre at studentene opplever å få være med på relevant undervisning i løpet av kortpraksis, ønsker vi følgende ordning for vårt lektorprogram:

Studentene gjennomfører 5 dager i uke 37, de gjennomfører 3 dager i uke 38-40, men kan i samråd med skolen erstatte en av de tre dagene med deltagelse på en fagdag i et av realfagene senere i semesteret for å få mer erfaring fra realfagsundervisning.

Dette vil være en konkretisering av «fortrinnsvis» som vil gjøre det mer håndterbart for praksisadministrasjonen.

Vi ser det ikke som problematisk at etterarbeid gjennomføres før den siste dagen er gjennomført. Det kan gjerne settes en siste dato for deltagelse på fagdag, f.eks. fredag i uke 45. En ordning for oppmøteskjema kan f.eks. være at alle uansett må levere oppmøteskjema like etter uke 40, men at de som skal være med på fagdag senere skal sette opp dato og få signatur på dette i skjemaet som orientering til praksiskoordinatorene. I tillegg må de levere nytt oppmøteskjema etter fagdagen.

Kull23 og KPDAG3

I gammel modell tar lektorstudentene i realfag temadagene i 7. semester.

NT har ansvar for IKT-temadagen i gammel modell og for KPDAG3 i ny modell. IKT-temadagen er et krevende arrangement å organisere og gjennomføre og det samme vil nok gjelde for KPDAG3.

Etter planen skal IKT-temadag for kull22 gå H25 (studenter fra flere fakultet) og for kull23 H26 (kun NT). KPDAG3 skal gå i uke 2 hvert år, fra og med 2026.

Vi er nå i gang med planleggingen av KPDAG3. Denne planleggingen vil også påvirke IKT-temadagen, slik at den H25 i stor grad blir lik det vi ønsker for KPDAG3.

Siden det i H26 kun er ca. 20 studenter som skal ha IKT-temadagen og dette er krevende å arrangere, ber vi om at disse studentene (kull23) kan delta på KPDAG3 i 2027 i stedet, dvs. kan erstatte IKT-temadag H26 med KPDAG3. Da vil man slippe å arrangere to like arrangementer med kort tids mellomrom og de 20 studentene vil kunne få et bredere tilbud.

Vennlig hilsen

Johan Lie
Leder for utvalget

Marianne Jensen
rådgiver

Sak 58/23

Overlapp mellom temaseminar og KP-dagar

Notat frå lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 29. oktober 2024

ephorte: 24/30

Bakgrunn

I **gammal modell** har lektorprogrammet i realfag alle dei fire temaseminara plassert i sjuande semester, medan dei andre lektorprogramma har to temaseminar i første semester og to i femte semester.

- Kull 21 har hatt 4 temaseminar og er ferdige med alt hausten 2024
- Kull 22: HF og SV har hatt to temaseminar i KOPRA101 hausten 2022, og to temaseminar i KOPRA103 hausten 2024. MN-studentane skal ha 4 temaseminar hausten 2025 i samband med LAPRA101.
- Kull 23: HF og SV har hatt to temaseminar i KOPRA101 hausten 2023, og skal ha to temaseminar i KOPRA103 hausten 2025. MN-studentane skal ha 4 temaseminar hausten 2026 i samband med LAPRA101.
- Kull 24 er på ny modell og skal ikkje ha temaseminar. Dette kullet skal ha KP-dagar.

Tabellen syner oversikt over temaseminara og når dei ulike lektorprogramma (per kull) har hatt og skal ha temaseminar

Temaseminar (ansvar)	Haust 2023	Haust 2024 (kull 21)	Haust 2025 (kull 22)	Haust 2026 (kull 23)
Mobbing (IPED)	KOPRA101 (HF og SV) LAPRA101 (MN)	LAPRA101 (MN)	LAPRA101 (MN)	LAPRA101 (MN)
Demokrati og medborgarskap (SV)	KOPRA101 (HF og SV) LAPRA101 (MN)	LAPRA101 (MN)	LAPRA101 (MN)	LAPRA101 (MN)
IKT i skulen (MN)	KOPRA103 (HF og SV) LAPRA101 (MN)	KOPRA103 (HF og SV) LAPRA101 (MN)	KOPRA103 (HF og SV) LAPRA101 (MN)	LAPRA101 (MN)
Ungdom i vanskelege situasjonar (HF)	KOPRA103 (HF og SV) LAPRA101 (MN)	KOPRA103 (HF og SV) LAPRA101 (MN)	KOPRA103 (HF og SV) LAPRA101 (MN)	LAPRA101 (MN)

I **ny modell** er det ikkje temaseminar, men nokre av temaa frå temaseminara er tatt inn i kampuspraksisdagane (KP-dagar). Dette fører til at det er nokre tema som går parallelt i både temaseminar og KP-dagane i overgangsperioden mellom ny og gammal modell. Tematikken frå temaseminara som går att i KP-dagane er *Mobbing* og *IKT i skulen* (KP-dag: Digitale verktøy i skulen). I ny modell er organisering av KP-dagar lik for alle lektorprogram og alle lektorstudentane skal delta samstundes på dei fleste dagane, inkludert Mobbing og Digitale verktøy i skulen. Dette inneber ei gruppe på ca. 120 studentar (kull 24).

- KP DAG1, Mobbing, skal gjennomførast tysdag i veke 2 i andre semester. Det er Institutt for pedagogikk som har ansvar for denne dagen.

- KPDAG3, Digitale verktøy i skulen, skal gjennomførast torsdag i veke 2 i fjerde semester. Det er NT-fakultetet som har ansvar for denne dagen.

Handtering av overlapp mellom temaseminar *IKT i skulen* og KPDAG3 *Digitale verktøy i skulen*.

I brev datert 01.10.24 ber Fakultet for naturvitskap og teknologi (NT-fakultetet) om at lektorstudentane i realfag, kull23, får delta på KPDAG3, *Digitale verktøy i skulen*, vår 2027 i staden for temaseminaret *IKT i skulen* haust 2026. På denne måten vil NT-fakultetet sleppe å arrangere to like arrangement med kort tids mellomrom og dei 20 studentane vil kunne få et breiare tilbod.

Brevet frå NT-fakultetet er lagt ved sak 57/24, s.31.

Dersom lektorstudentane i realfag, kull23, får delta på kull 25 sin KPDAG3, *Digitale verktøy i skulen*, vil studentgruppa auke med 20 stk., totalt ca. 140 studentar. Med bakgrunn i brevet frå NT-fakultetet kan ein rekne med at dei har tatt høgde for den auka studentmengda i framlegget sitt.

Framlegg til vedtak

Felles programstyre støttar framlegg frå Fakultet for naturvitskap og teknologi om at lektorstudentane i realfag, kull23, kan delta på KPDAG3, *Digitale verktøy i skulen*, vår 2027 i staden for temaseminaret *IKT i skulen* haust 2026.